



Knut Gilberto Sæbø trakterer batteriet i bandet.

Neste helg er det klart for årets utgåve av Rosendal Musikkfestival. Dei byr som vanleg på eit program som osar av kvalitet og variasjon. Også i år kjem kjende og spennande kunstnarar og artistar til festivalen. I tillegg får lokale artistar og grupper presentert seg for det store publikummet. Mellom dei er den ferske rockegruppa Vibrator som skal spela under folkefesten i Skålagato på laurdagen.

Vibrator består av fire lovande unggutar, tre av dei er uskedelingar, og bandet er etablert i kulturskuleregi. Knut Gilberto Sæbø (slagverk), Birger Bauge (el.bass), Sondre Høyland Enes (gitar) og Vegard Døssland (gitar/vokal) utgjør medlemmene i bandet. Dei spelar kjende og iøyrefallande cover-låtar av m.a. Dire Straits, Eagles og The Cure. Det er musikk av desse gruppene dei vil presentera for det store publikummet i Skålagato. Dette vert debuten deira i større samanheng. Tidlegare har dei opptreidd på kulturskulekonsert og i skulesamanheng, og dei har fått svært gode tilbakemeldingar på varene dei har levert.

Alle dei tre uskedelingane har bakgrunn i skulemusikken. Som lærar i kulturskulen har dei den eminente gitaristen Jon Magne Skauge.

Rosendal Musikkfestival skal ha honnør for at dei gjev unge og andre lokale musikarar mulighet til å spela for eit stort publikum. På den måten gjev dei både musikarar og publikum fine opplevingar. Imponerende er det og at dei har stått på gjennom meir enn 30 år, og har formidla flotte musikk- og andre kulturopplevingar til både kvinnheringar og mange tilreisande.



Vegard Døssland (til høyre) er ein av gitaristane samt vokal, medan Birger Bauge (bak) spelar bass.